



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

ÅRSMELDING 2018

Årsmøte i lagshytta på Kleppa
torsdag 28.februar 2019 Kl.19:00



Garnfiske med barnehagen i brannbåten til Sogn Brann-og Redning.

Jakt-, fiske- og friluftliv-glede til alle – for alltid!

Leikanger Jakt- og Fiskelag

ÅRSMELDING 2018

Styret har i 2018 vore samansett som følgjer:

Leiar: Svein Inge Lundheim
Nestleiar: Ole Simen Nesdal
Kasserar: Håkon Nesse
Sekretær: Kjell Erik Strand
Kvinnekontakt: Ingeborg Sivertstøl
Varamedlem: Sverre Fjøsne

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøte (sjå side 5).

Ved årsskiftet hadde laget 269 medlemmer, som utgjer 11,47 % av innbyggjarane i Leikanger Kommune. Det er ein nedgang på 9 medlemmar i 2018.

Møte og samlingar:

Det er halde 2 styremøte der det vart handsama til saman 35 saker.

På årsmøte til Leikanger jfl i lagshytta på Kleppa den 1.mars, var det med 12 medlemmar.

Bjarne Sjøthun er styremedlem i Leikanger Frivilligsentral.

Leikanger jfl er fortsatt representert i Sogn og Fjordane NJFF i året som har gått. Odd Rune Våge er medlem i jakthundutvalet og Svein Inge Lundheim er leiar i jakttskyttarutvalet.

På «Foreningsløfte-møte» på Skei 29.januar var Kjell Erik Strand, Bjarne Sjøthun, Sverre Fjøsne, Håkon Nesse, Jan Magne Vigdal og Svein Inge Lundheim deltakarar.

Ved årsmøte i NJFF-Sogn og Fjordane 17.mars på Skei var Ole Simen Nesdal, Ingeborg Sivertstøl og Svein Inge Lundheim utsendingar frå Leikanger jfl.

20.april fylte Leikanger Jakt- og Fiskelag 40år og det vart markert med ein festmiddag i «Villmarka» 16.mars. Totalt 53 gjester inkludert representantar frå første styret i Leikanger jfl, barnehagane og skulane i Leikanger Kommune og NJFF-Sogn og Fjordane var med på markeringen.

Under 40 årsmarkeringen fekk Per Norstein utdelt NJFF sinn innsatsmedalje av fylkessekretær Reidun Solberg Seim.

Generelt:

I 2018 kan me også konstantera at året hadde vore eit positivt år for Leikanger Jakt- og Fiskelag. Til liks med åra før har det vore gjennomført ei rekke tiltak – me viser til ei oppsummering av aktivitetar annan stad i årsmeldinga. Men sett frå styret sin ståstad, har året vore prega av større konkurranse frå «Saften» og andre om deltakarane på aktivitetane. Det viser også at familieaktivitetar fortsatt samlar flest deltakarar. I framtida må laget gå inn i meir samarbeid med speidaren, Barnas Turlag og andre.

Laget har vist at det maktar å gjennomføre gode tiltak. Tilliten dette skapar gjev grunnlag for nye positive tilsegn. Styret nyttar høvet til å takke alle som bidreg i prosjekt og ulike aktivitetar. Økonomisk har 2018 også vore eit godt år. Det tryggar drifta på alle måtar. Samstundes har mykje av inntektene kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor.

Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har fått tilskot/støtte frå:

| | |
|--|------------|
| • Norsk Tipping - Grasrotandelen | 21 173,-kr |
| • Link Bingo | 15 625,-kr |
| • Mva-kompensasjon | 19 474,-kr |
| • Leikanger Kommune – kulturmidlane | 15 000,-kr |
| • Leikanger Kommune – skogrydding ved «Dagsturhytta» | 24 500,-kr |
| • NJFF- «Fiskesommer» | 10 000,-kr |
| • NJFF- Frifond/LNU- midlar til barn- og ungdomsaktivitetar i 2018/19: | 34 627,-kr |
| • NJFF- «Jakttskyttarskule 2019» | 5 000,-kr |
| • Per Steinar Melås – sponsor | 10 000,-kr |
| • Sogn Avis – sponsoravtale med gratis annonsering inntil (eks.mva.) | 20.000,-kr |

I tillegg vil laget rette ei stor takk til Lerum, Osland Havbruk, E. Røysum, Små Livsgleder og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt.

Kurs, trening og konkurransar:

- Jegerprøvekurs – 16 deltakarar.
- Hagleskyting m/instruksjon på leirduebana.
- Jakttskyttarskule – gratis hagleskyting.
- Skytetrening på jaktfelt. (avtale om bruk av skytebana i Eivaldgjerde)
- Kurs i aversjondressur (el.halsband) – 12 hundar.
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår.
- ”Indre Sogn Cup” (50 skot) i lag med Luster jfl.
- Lagsmeistarskap i jegertrap og sporting.
- Duellen mellom skyttarlaget og jakt og fiskelaget.
- Vårsprellen- sjøfiskekonkurransen.
- Fiskekonkurransen på Fjærlandsete.
- Hjortejakt-opplæringsjakt.
- Kurs i røyking av regnbogeaure.

Som det går fram av opplistinga over, har det vore hagleskyting på leirduebana. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebana har vore Odd Reksnes, Nils Olav Langeteig, Per Norstein, Håkon Nesse, Ole Simen Nesdal, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

Leikanger jfl arrangerte ordinær blodsporprøve 27.mai med 14 ekvipasjar. Dommarar var Elin Anita Gjerde, Harald Kvalvåg og Birger Høgrenning. Leikanger Jfl har i 2018 hatt 2 bevegelege blodsporprøve og 1 bevegeleg fersksporprøve. Elin Anita Gjerde, Helge Alme og Jan Inge Skjerven har vore dommarar på dei bevegelege prøvane.

På fiskekonkurransen på Fjærlandsete var det med 32 deltakarar. Inger Ness fekk flest med 22 stk og den største auren på 484gr. Gjermund Høgheim fekk den største auren på flugestang på 200gr. som gjev napp i vandrepokalen «Flugefiskaren».

Vinnaren av ”Vårsprellen” vart Jan Egil Gjølringbø med ei lyr på 500gr. I fiskeklubben vart Cesilie Lærum Gjølringbø best med ein fangst på 400gr.

Nils Olav Langeteig vart lagsmeister i jegertrap med 22tr. og Emil Røysum Skartun vart lagsmeister i sporting med 19tr.

I «Våpenloftcup» jaktfelt vart Erlend Loftesnes Røysum vinnar i JA/JB klassen og totalt med 424p. I klassen JC vart Frode Ølmheim nr.4 med 376p.

Erlend Loftesnes Røysum fekk bronse i FM-jaktfelt med 180p. Leikanger jfl fekk sølv i lagskytingen, med på laget var Erlend L.Røysum (180p), Jomar Slinde (107p) og Jørn Fosen Simonsen (113p).

Nils Olav Langeteig vart «Systronds beste skyttar» med 46 treff samanlagt etter omskyting mot Erlend L.Røysum. Best på leirduebana vart Nils Olav Langeteig med 24tr. Arvid Brennset vann på 100M med 249 poeng. I Duellen vann jakt- og fiskelaget lagkonkurransen med 246p. mot skyttarlaget's 180 p.

I pridatorkonkurransen vart Bjarne Sjøthun nr.1 med 285p. (4 revar, 1 mink og 3 kråker), Jomar Slinde vart nr.2 med 260p. (4 mårar, 2 kråker og 1 skjor) og Per Røysum nr.3 med 250p.(5 revar). Premiane var gåvekort hjå Erling Røysum a/s på 1300,-kr, 1000,-kr og 700,-kr Premiane vart sponsa av Erling Røysum a/s , Systrond Grunneigarleg og Leikanger Jakt- og Fiskelag med 1/3 på kvar. I tillegg vart det trekt ut eit mørningstermometer til Øyvind Husabø og ei hodelykt til Roald Lunde.

I «største rev» konkurransen i Njff Sogn og Fjordane hadde Per Røysum den største på 9,0kg og Bjarne Sjøthun den nest største på 7,4kg. Begge fekk 1000,-kr premie. I tillegg fekk Roald Lunde og Jon Husabø ein revelokk kvar.

Jaktprøvar og utstillingar for hundar:

Winton kisses of fire eigar Elin Anita Gjerde: Valpeshow:8xhp, 4xbir, 1xbig1, 2xbig2

Junior:Exc.jk.2jkk, Exc.jk.4kkk.

Svch Nvch RL 1 Fjordgløtts Bonnie eigar Elin Anita Gjerde: 1x1.spor, 1x1.pr rally, 6x Exellet på utstilling, 6xok, Best in show Brukshund, 4xBir veteran.

Asa No Wakakuro Go av Enerhaugen eigar Håkon Nesse: 2xExcellent, 2xCK, 2Xcert, 1xBIM.

NSEVCH NJ(SCH)CH Kvalhornets Aura eigar Odd Rune Våge og Ingeborg Sivertstøl:2x1.pr blodspor, 2 beste hund på ordenær blodsporprøve i Leikanger.

Alma Basta frå Sognalosen eigar Odd Rune Våge og Ingeborg Sivertstøl: 1x1.pr blodspor, 10 poeng ferskspor, 4xExcellent, 2xCK, 2xCERT, 2xBIR, 2xBIG4

Jolstrajegerens Jackpot-Jeger: eigar Per Harald Høgheim: 1x2.pr blodspor, 7 poeng ferskspor, 2xExcellent, 1xCK, 1xCERT,1xBIM.

NJCH HUCH Epleskogen's Adam eigar Bjørn Monsen: 1.VK M/CK kval, 2.VK.finale, 2x3.VK kval, 3.VK semi, 2.VK kval NM

NJCH NUCH Frankmovangenen's Lina eigar Bjørn Monsen: 2x VK M/CK kval, 2.VK kval, 1 VK M/CK finale, 4.VK kval, 1.VK M/CK finale, 2. VK M/Res.cacit.

Medlemar som er ettersøksekvipasjar i *Sogndal ettersøkslag*: Odd Rune Våge med Aura og Alma Basta, Elin Anita Gjerde med Fjordgløtts Bonnie og Roald Lunde med Vossasvarten's B Anja.

Instruktørar, dommarar og taksørar:

Jegerprøveinstruktør: Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Norstein, Kim Vidar Bakken og Odd Rune Våge.

Småvilttaksør: Kim Vidar Bakken.

Hagleinstruktør: Nils Olav Langeteig, Emil Røysum Skartun, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

Instruktørar aversjondressur: Kurt Langeteig, Bjørn Monsen, og Robert Brenden.

Rifleinstruktør: Bjarne Sjøthun, Odd Rune Våge, Erlend Loftesnes Røysum, Lars Jonny Røysum og Nils Olav Langeteig.

Hagledommar: Nils Olav Langeteig, Frode Husum, Emil Røysum Skartun, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

Ettersøksdommar: Elin Anita Gjerde.

Fuglehunddommar jaktprøver: Bjørn Monsen.

Utdanning av nye instruktørar:

Grunnkurs jakthund: Ingeborg Sivertstøl, Odd Rune Våge, Bjarne Sjøthun og Thomas Hagen Moene.

Dressur instruktør: Ingeborg Sivertstøl.

Andre aktivitetar:

Også i 2018 er ei lang rekke meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført.

Desse er lista opp under.

Leikanger jfl har fortsatt «*partnarskapsavtale*» med alle 3 barnehagane i Leikanger Kommune.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden om hausten og fiskedag i Pilavika på våren. I Pilavika fekk alle barna utdelt kvar si nye haspelstang frå jakt- og fiskelaget.

Leikanger jfl har også inngått ein «*partnarskapsavtale*» med 7.klassen i Leikanger Ungdomsskule.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden om våren og stangfiskedag i småbåthamna om hausten.

Når mange av desse aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar og andre i medlemsrekkene som stiller opp og hjelper til. Stor takk til Sverre Fossen, Steinar Næss, Åsmund Espe, Arne Rosenlund, Knut Egil Sundet, Per Sivert Nesdal, Kjetil Berg, Hans Kristian Amundsen, Andor Orrestad, Per Harald Søvik, Sverre Fjøsne, Jens Bjarne Henjum, Øyvind Njøs, Bjarne Sjøthun og Svein Inge Lundheim.

- Fiskedag med barnehagen i Pilavika. (Partnarskapsavtale)
- Garnfiske med barnehagen. (Partnarskapsavtale).
- Garnfiske med 7.klassen. (Partnarskapsavtale).
- Stangfiskedag med 7.klassen i småbåthamna. (Partnarskapsavtale).
- «Livet i Pilavika»
- «Språkkafè med grilling» aktivitet med flyktningar på Kleppa
- Friluftsdag «Fri Moro» på Kleppa i lag med kommunen.
- Fiskesommer i småbåthamna: verving og utdeling av gratis fiskeutstyr til barna.
- På stenden vår på "Fruktbare dagar" vart det utdelt gratis smaksprøver av fisk og vilt.
- Det har vorte utført dugnadsarbeid på oppbygging av sjøbu i småbåthamna og skogrydding rundt «dagsturhytta» på Kleppa, om lag 10-15 har delteke. I fare for å gløyma nokon, vert ikkje nokon nemde.

Andre tilbod til medlemmene:

Leikanger jfl forhandlar fortsatt «*Sportsman`s pride*» hundefør. Det er 4 typar hundefør i 15kg sekker som er til salg til medlemar i NJFF. Salget går nedover og i 2018 er det seldt ca.1300kg hundefør, ca.275kg kattefør og i tillegg kjem sal av førtønner og hundekjeks.

Leikanger Jakt- og Fiskelag har 15% rabattavtale for medlemane hjå Ering Røysum as. (gjeld jakt-, fiske- og friluftsutstyr).

Aluminiumbåten som Leikanger jfl fekk tildelt av NJFF i 2015, har påmontert ein 4Hk yamaha påhengsmotor. Båten ligg på plass nr.83 i vestre hamn til Leikanger Båtlag. Båt-plassen er delvis sponsa av Leikanger Båtlag. Båtansvarleg er Bjarne Sjøthun. Medlemar som ynskjer å bruke båten, må kjøpe seg nøkkel og booke seg inn på nettportalen til NJFF. Barnehagane får tilgang til båten når den er ledig. Båten vart lite brukt i 2018.

I desember gjennomførte me eit vellykka kurs i røyking av regnbogaure, med Kjetil Berg som røykesjef. Ca. 20 deltakarar var med på prosessen: filetering, salting, tørking, røyking og vakumpakking. Osland Havbruk sponsa 38 laks på 3-4kg til prosjektet.

Leikanger jfl har fått status som «rovviltbane». Det skal leggst til rette for treningsskyting på store rovdyr som ulv, jerv og gaupe. I tillegg skal me arrangera «bjørneprøven». Det er laga 9stk stativ til dyreskivene som skal settast opp på høgre sida 100M skivene i Eivaldgjerde. Det er gjennomført prøveskyting men pga. av att me kom seint i gong fekk me problem med å finna ledig skytetid.

Leikanger jfl fekk tilbod på 7 stk hjorteløyver av grunneigarane i Huksdalen. Det vart jakta nesten kvar helg frå oktober og fram til jul av ca.15-20 jegrar og det vart felt 6 dyr. Hjortejakten i Huksdalen er godt egna til jaktopplæring.

Det var 24 overnattingar i Trastadalshytta, inkl.3 med dugnad.

Lagshytta, grillhytta og leirduebana har vore leigt ut både til medlemmer, bedrifter og andre. Grillhytta har fått innlagt skifergolv i sommar.

Samlinga av utstoppa dyr og fuglar i lagshytta på Kleppa består no av: jerv, oter, raurev, gråspett, mår m/gauk i kjeften, sporvehauk, kattugle, tiur, nøtteskrike, 2 røysekattar, 2 dompappar, grønfinnk, storskarv, smålom, fossefall, 2 liryper, ravn, skjor, hornugle, orrhane, ekorn, siland, hjortekalv, kråke, orrhøna, grønspekk, nøttekråke, grevling og pinnsvin.

Utvala i 2018

FISKEUTVALET

Leiar: Jan Magne Vigdal

Medlem: Sverre Fjøsne

Medlem: Kjetil Berg

Medlem: Eivind Røysum

JAKTUTVALET

Leiar: Bjarne Sjøthun

Medlem: Per Olav Henjum

Medlem: Per Norstein

Medlem: Terje Verlo

SKYTEUTVAL

Leiar: Per Norstein

Medlem: Tom Debu Nesvåg

Medlem: Svein Inge Lundheim

Medlem: Erlend Loftesnes Røysum

BARNE- OG UNGDOMSUTVAL

Leiar: Camilla Njøs

Medlem: Bjørn Ove Steig

Medlem: Inger Ness

Medlem: Kim Vidar Bakken

HUNDEUTVALET

Leiar: Odd Rune Våge

Medlem: Bjørn Monsen

Medlem: Oliver Prøven

Medlem: Elin Anita Gjerde

LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 2018

| | 2018 | 2017 | 2016 |
|--|---------------------|---------------------|---------------------|
| UTGIFTER | | | |
| Medl.kontingentar | 2 500,00 | 1 800,00 | 8 200,00 |
| Kurs/møter/seminar/samlinger | 23 734,81 | 20 402,64 | 29 238,16 |
| Trastadalshytta | 251,90 | 1 394,13 | 4 801,50 |
| Drift leirduebane | 32 842,85 | 42 098,00 | 54 632,17 |
| Drift lagshytte | 37 103,60 | 21 266,76 | 22 783,03 |
| Nybygg/dugnadsarbeid | 111 619,13 | 126 861,46 | 84 656,06 |
| Jakt og fangst | 25 075,00 | 12 066,50 | 45 992,00 |
| Barn/ungdomsaktivitet | 22 119,14 | 27 511,39 | 17 750,96 |
| Fiske-, hund- og jenteaktivitetar | 3 401,62 | 4 558,00 | 2 218,00 |
| Dyrefør | 26 460,50 | 58 639,50 | 54 717,00 |
| Diverse utgifter | 66 155,64 | 93 377,53 | 101 595,00 |
| Sum utgifter | 351 264,19 | 409 975,91 | 426 583,88 |
| INNTEKTER | | | |
| Medl.kontingentar | 12 040,00 | 11 010,00 | 17 830,00 |
| Kurs/møter/seminar/samlinger | 33 330,00 | 19 220,00 | 26 240,00 |
| Trastadalshytta | 3 150,00 | 2 250,00 | 3 450,00 |
| Drift Leirduebane | 31 404,93 | 41 423,90 | 49 837,00 |
| Drift lagshytte | 11 996,62 | 10 220,00 | 11 260,00 |
| Nybygg/dugnadsarbeid | 22 500,00 | 4 000,00 | 1 987,50 |
| Jakt og fangst | 13 967,50 | 25 660,00 | 16 070,00 |
| Barn/ungdomsaktivitetar | 49 627,00 | 48 403,98 | 52 633,95 |
| Fiske-, hund- og jenteaktivitetar | 10 941,00 | 7 900,00 | 6 750,00 |
| Dyrefør | 44 290,00 | 68 468,44 | 71 285,00 |
| Diverse inntekter | 24 596,00 | 37 343,00 | 27 183,00 |
| Sponsor/Gaver/Norsk tipping/Bingo | 57 989,05 | 170 709,21 | 110 281,17 |
| Sum inntekter | 315 832,10 | 446 608,53 | 394 807,62 |
| Overskot/Underskot | -35 432,09 | 36 632,62 | -31 776,26 |
| AKTIVA PR 31.12.2018 | | | |
| Sparebanken Sogn og Fjordane | 477 541,13 | 512 973,22 | 476 340,60 |
| Flugestenger, haspelstenger og div.fiskeutstyr | 23 114,00 | 25 682,00 | 28 536,00 |
| Skot, duer, premiar, artiklar for sal | 90 406,50 | 66 460,00 | 62 227,75 |
| 3 stk lavvo, div.leirutstyr, feller og flugebittingutstyr | 18 726,00 | 20 807,00 | 20 897,00 |
| Lagshytte, 3 stk kastarhus, vedhus-lager og grillhytte | 1 930 000,00 | 1 930 000,00 | 1 930 000,00 |
| Leirduekastarar m/ utstyr, omformarar (220/24V) | 113 458,00 | 126 064,00 | 56 738,00 |
| Videospelar, overhead, stativ, lerret, vakum, laminering | 5 356,00 | 5 951,00 | 6 612,00 |
| DVD, 2 stk projektorar, høgtalaranlegg, skrivar/kopi, 2 stk PC | 16 170,00 | 17 967,00 | 19 963,00 |
| 5 stk hagler, luftgevær, salong, 4 hk motor | 26 340,00 | 29 267,00 | 26 963,00 |
| Utstoppa dyr og fuglar + boggihengar | 102 212,00 | 83 125,00 | 90 361,00 |
| Quick-telt, 2 stk el-halsbånd, 2 stk viltkamera | 13 598,00 | 15 109,00 | 16 788,00 |
| Kasse med kontantar | 1 060,00 | 1 430,00 | 1 480,00 |
| Dyrefør | 23 345,00 | 32 320,00 | 30 160,00 |
| Sjøbod førebels verdi | 35 100,00 | | |
| Sjøbod uteståande fordringar 3/4 | 33 300,00 | | |
| Sum aktiva | 2 909 726,63 | 2 867 155,22 | 2 767 066,35 |
| PASSIVA PR 31.12.2018 | | | |
| Lån pr 01.01.2018 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Avdrag | | | |
| Lån pr 31.12.2018 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |

31.12.2018/12.02.19

Aik Nørre

Rekneskapen er revidert, inntekter og utgifter samsvarar med bilaga.

20.02.2019

Inge Østli Svein Fossum

Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2018

Forklaring: B = på val 2019 A = ikkje på val 2019

Styret:

| Kategori: | Verv: | Namn: | Forslag: | Telefonnr.: |
|-----------|---------------|---------------------|---------------|-------------|
| B | Leiar | Svein Inge Lundheim | <i>attval</i> | 90605267 |
| A | Nestleiar | Ole Simen Nesdal | | 99607677 |
| A | Kasserar | Håkon Nesse | | 99205044 |
| B | Sekretær | Kjell Erik Strand | <i>attval</i> | 95191905 |
| B | Varamedlem | Sverre Fjøsne | <i>attval</i> | 90639848 |
| A | Kvinnekontakt | Ingeborg Sivertstøl | | 97106904 |

Jaktutval:

| | | | | |
|---|--------|-----------------|-------------------------|----------|
| A | Leiar | Bjarne Sjøthun | | 90957245 |
| A | Medlem | Per Olav Henjum | | 91333305 |
| B | Medlem | Per Norstein | <i>attval</i> | 48182680 |
| B | Medlem | Terje Verlo | <i>Tom André Husabø</i> | 41525303 |

Fiskeutval:

| | | | | |
|---|--------|------------------|---------------|----------|
| B | Leiar | Jan Magne Vigdal | <i>attval</i> | 95259791 |
| A | Medlem | Sverre Fjøsne | | 90639848 |
| B | Medlem | Kjetil Berg | <i>attval</i> | 90277167 |
| A | Medlem | Eivind Røysum | | 95927891 |

Skyteutval:

| | | | | |
|---|--------|---------------------|---------------|----------|
| B | Leiar | Per Norstein | <i>attval</i> | 48182680 |
| A | Medlem | Tom Debu Nesvåg | | 99559925 |
| A | Medlem | Svein Inge Lundheim | | 90605267 |
| B | Medlem | Erlend L. Røysum | <i>attval</i> | 95870045 |

Barn- og ungdomsutval:

| | | | | |
|---|--------|------------------|---------------|----------|
| A | Leiar | Camilla Njøs | | 97092790 |
| B | Medlem | Bjørn Ove Steig | <i>attval</i> | 90740719 |
| A | Medlem | Inger Ness | | 92870410 |
| B | Medlem | Kim Vidar Bakken | <i>attval</i> | 45255241 |

Hundeutval:


| | | | | |
|-------|--------|-------------------|------------------------|----------|
| B | Leiar | Odd Rune Våge | <i>Bjørn Monsen</i> | 41295025 |
| B | Medlem | Bjørn Monsen | <i>Odd Rune Våge</i> | 90590848 |
| B 1år | Medlem | Oliver Prøven | <i>Vidar Frækaland</i> | 41425383 |
| A | Medlem | Elin Anita Gjerde | | 90953233 |

Revisor:

| | | | | |
|---|--|---------------|---------------|----------|
| A | | Sverre Fossen | | 95841004 |
| B | | Inge Yttri | <i>attval</i> | 90593596 |

Valkomite:

| | | | | |
|---|--------|------------|-------------------|----------|
| B | Leiar | Tom Nesvåg | <i>Inger Ness</i> | 99559925 |
| A | Medlem | Inger Ness | | 92870410 |



Aktivitetar i 2019

- 1.-3.mars: Valpekurs i lag med NJFF-Sogn og Fjordane
- 10.mars: Isfisketur til Dalavatnet.
- 20.mars: «**Villaksens år 2019**» Film + fiskeutstyr.
- 27.mars: «**Villaksens år 2019**» Flugebitting av sjøarefluger.
- 29.-31.mars og 5.-7.april: Jegerprøven.
- 1.april: Oppstart ny predatorkonkurransse.
- 3.april: «**Villaksens år 2019**» Flugebitting av sjøarefluger.
- 10.april: «**Villaksens år 2019**» Flugebitting av sjøarefluger.
- Laur/tors i mars: Oppstart jaktfelttrening.
- Jaktskyttarskule: gratis hagle- rifleskyting
- Rovviltbane-bjørneprøven: lage terminliste (laurdagar)
- Leirdueskyting onsdagar etter påske.
- 4.mai: Blodsporkonkurransse.
- 12.mai: Livet i Pilavika.
- 20.-23.mai: «**Villaksens år 2019**» kurs i flugekasting.
- 26.mai: Vårsprellen.
- 30.mai: «**Villaksens år 2019**» Sjøarefiske i Sognefjorden.
- 1.juni og 7.sep: Feltstemne-pistol- Leikanger Sportskyttarlag
- 2.juni: «Indre Sogn Cup» 50skot.
- 15.juni: Fiskesommer.
- 25.juni: «Fri moro».
- 3.august: Fiskekonkurransse på Fjærlandsete.
- 25.august: Duellen med grilling.
- Lagsmeistarskap i jegertrap og sporting
- Hjortejakt-opplæringsjakt.
- Parteringkurs av hjort.
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår, røysekatt og mink.
- Røyking av laks/regnbogeaure.

Årsmøtoreferat Leikanger Jakt- og Fiskelag, lagshytta på Kleppa

28.februar 2019 kl.19:00

Disse møtte:

Svein Inge Lundheim, Inger Ness, Jan Magne Vigdal, Vidar Frækaland, Håkon Nesse, Elin Anita Gjerde, Ingeborg Sivertstøl, Odd Rune Våge, Ole Simen Nesdal, Rune Wolff, Per Norstein, Bjørn Monsen, Steinar Næss, Per Olav Henjum, Harry Eggum, Sverre Fjøsne, Tom Andre Husabø, Sverre Fossen, Torfinn Svedal, Kjell Erik Strand
(20 stk.)

SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.

Godkjent

2. Val av møteleiar og skrivar.

Møteleiar: Svein Inge Lundheim
Skrivar: Kjell Erik Strand

3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Val: 1. Tom André Husabø
2. Sverre Fossen

4. Årsmelding 2018

Godkjent

5. Rekneskap 2018

Godkjent

6. Val.

Innstilling frå valnemnda:

Styret:

| | | |
|------------|---------------------|--------|
| Leiar | Svein Inge Lundheim | attval |
| Sekretær | Kjell Erik Strand | attval |
| Varamedlem | Sverre Fjøsne | attval |

Jaktutval:

| | | |
|--------|------------------|--------|
| Medlem | Per Norstein | attval |
| Medlem | Tom Andre Husabø | ny |

Fiskeutval:

| | | |
|--------|------------------|--------|
| Leiar | Jan Magne Vigdal | attval |
| Medlem | Kjetil Berg | attval |

Skyteutval:

| | | |
|--------|------------------|--------|
| Leiar | Per Norstein | attval |
| Medlem | Erlend L. Røysum | attval |

Barne- og ungdomsutval:

| | | |
|--------|------------------|--------|
| Medlem | Bjørn Ove Steig | attval |
| Medlem | Kim Vidar Bakken | attval |

Hundeutval:

Leiar Bjørn Monsen ny
Medlem Odd Rune Våge ny
Medlem Vidar Frækaland ny (for 1 år)

Revisor:

Inge Yttri attval

Innstilling frå styret på valnemnd:

Leiar Inger Ness
Medlem: Rune Wolff

Alle val vart gjennomført i samsvar med innstilling frå valnemnd og styre.

7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.

Florø 23.-24.mars

Forslag frå styret:

Sverre Fjøsne, Ingeborg Sivertstøl og Svein Inge Lundheim

Godkjent

8. Medlemskontigent 2020

Framlegg frå styret:

Ingen endring av kontingenten for 2020

Godkjent

9. Info. om aktivitetar i 2019.

- Gjennomgang av aktivitetar i 2019

10. Innkomne saker.

Ingen saker.

Trekking av premiar:

1. Steinar Næss – knivsett.
2. Jan Magne Vigdal – stolsekk.

Årsmøtet slutt kl. 19.40

Servering av hjortekarbonader laga av Kjetil Berg.

Framsying av jaktfilm frå Afrika av Per Norstein.

Underskrift:



Tom. André Husabø



Sverre Fossen

ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa

torsdag 28.februar 2019 kl.19:00

SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.
Forslag frå styret: Sverre Fjøsne, Ingeborg Sivertstøl og Svein Inge Lundheim
8. Medlemskontigenten 2020.
*Forslag frå styret: Ingen auke i 2020
(Nytt familiemedlemskap frå 2020)*
9. Info. om aktivitetar i 2019.
- Aktivitetskalendar for 2019.
10. Innkomne saker.

**Etter årsmøtet vert det enkel servering,
og sosialt samver!**

Nye og gamle medlemar er velkomne!